



Puerto De Mogan er ein vakker by med kanalar og torgdag kvar torsdag. Her vil ein truleg møta mange kjende andlet i vekene framover.

Gran Canaria er eit populært reisemål for mange uskedelingar. Berre i dag har 10 personar frå eller med nær tilknytning til bygda avgang frå Bergen eller Stavanger med fly med Las Palmas som destinasjon. Talet på dei, som store deler av vinteren bur fast på øya, er om lag det same. I vekene framover kan ein såleis rekna at 20 uskedelingar feirerer i dette område.

Gran Canaira er den største og mest populære ferieøya av det som vert rekna som Kanariøyane. Dette gjeld særleg område sør på øya frå Maspalomas til Puerto de Mogan. Kjerneområde er Puerto Rico og Arguineguin. Den Norske sjømannskyrkja og Den Norske klubben ligg i Arguineguien. Mange brukar desse institusjonane, anten det gjeld gudstenester i kyrkja eller for ulike aktivitetar i Norskeklubben.

Så langt vi kjenner til er det fleire frå Uskedalen som har langtidsleige på husvære i Puerto Rico. Nokre bur i område det meste av vinterhalvåret. Andre har opphald på ein til to månader. Dei fleste reiser charter og er i varmen frå ei til to veker.



Den Norske sjømannskyrkja i Arguineguien samlar mykje folk kvar dag i veka. Sundagsgudstenesta er lagt til Den katolske kyrkja i [byparken](#).

Sjømannskyrkja samlar mykje folk til song- og kulturkveldar, konsertar, føredrag og open kafe med vafler og annan god mat. I kapellet på sjømannskyrkja er det vigslar, middagsbøn og kveldsbøn. Sundagsgudstenesta kl. 18 er lagt til Den katolske kyrkja i byparken.



Kvar søndag er Leif Magne Framnes frå Uskedalen turleiar i Den Norske klubben. Mange av turane går fram til Norskeplassen. Den Norske klubben er ein medlemsklubb for alle skandinaver, anten ein er fastbuande eller er på øya for eit kortare opphald. Klubben har tilbod om mange turar og arrangement. Leif Magne Framnes er turleiar og har grupper med på gåturar i fjellet kvar søndag. Mange av turane går fram til Norskeplassen som ligg på fjellet mellom byane Puerto Rico og Arguineguien. Den fyrste søndagen i mars går den store Miljømarsjen der målet mellom anna er å plukka søppel.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Det er mange turalternativ i fjellet med godt merka stiar.